



Arkivnr: 2014/560-90  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		

#### Gjennomgang av vedtekten til Ungdommens fylkesting

#### Samandrag

Vedtekten til Ungdommens fylkesting vert vedteken av fylkestinget i Hordaland på bakgrunn av §5 Endring av vedtekter: «*Fylkestinget i Hordaland har mynde til å endre vedtekten for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval Vedtekten kan likevel berre endrast etter framlegg frå Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesutval kan kome med forslag om vedtektsendringar.*»

På Ungdommens fylkesting i 2014 kom det fram fleire områdar som var uklare i dei nåverande vedtekten, samt to endringsforslag som er vidaresendt til fylkestinget i Hordaland, noko som førte til slikt vedtak: «*Ungdommens fylkesting ber om at Ungdommens fylkesutval startar eit arbeid for å revidere det gjeldande reglementet, slik at det i praksis fungerer hensiktsmessig.*»

Nokre av punkta som det vart reagert på er:

- Kva skal ein redaksjonskomite gjere?
- Skal det vere krav in 2/3 fleirtal ved forslag til vedtektsendringar?
- Skal Ungdommens planprogram inn i vedtekten?
- Må ein representant frå ein kommune ha tilknyting til kommunen?
- Er §5 hensiktsmessig slik den står nå?

#### Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråing.

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*